

Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 2 - april 2016 48. årg.



Jubileumsfeiring

side 11



Konfirmentar

side 14



Alpha Weekend

side 15



Frå arkivet: 17. mai tale

side 4

Bryne - Time - Undheim sokn

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: <http://www.time-kyrkja.no>
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
telefaks tlf. 51 77 03 60
Prost: Kjell Børge Tjemsland tlf. 416 38 048
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon: Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19
Diakon: Jofrid Aarsland Mikalsen tlf. 48 89 72 32
Sekretær Bryne sokneråd: tlf. 51 77 03 64
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Dagleg leiar Time sokneråd: tlf. 51 77 03 64
Elisabeth Obrestad tlf. 51 77 03 64
Dagleg leiar Undheim sokneråd: tlf. 400 07 909
Steinar Sandvik tlf. 51 77 03 77
Sekretær: Inger-Kathrine Fossdal tlf. 51 77 03 76
Sekretær: Siri Vik tlf. 51 77 03 69
Kyrkjeveerje: Olav Vegard Søyland

Time

Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Organist: Oddny Underhaug tlf. 900 11 178
Trusopplærer Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Tom Carlos Slettebø tlf. 977 46 283
Soknerådsleiar: Willy Finnbakk tlf. 913 86 545
Klokkar: Sofie Braut tlf. 986 55 128
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Bryne

Heimeside <http://www.brynekyrkja.no>
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Trusopplærer Kristine Åsbø tlf. 950 20 920
Barne- og ung.d.arbeider Marion Lende tlf. 904 16 888
TT arbeidar: Jens Hetland Haavik tlf. 936 31 935
Klokkar: Leif Andenes tlf. 909 93 176
Soknerådsleiar: Ola Undheim tlf. 908 58 793
Kyrkjelyduttviklar: Bjørn Inge Hauge tlf. 51 77 03 62
Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe tlf. 951 42 602
Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande tlf. 48 10 70 62
Kyrkjetenar helg: Håkon Espevik tlf. 413 79 422
Ungdomsarbeidar Morten Bjorland tlf. 954 48 222

Lye forsamlingshus

Heimeside <http://www.lyeforsamlingshus.no>
Sokneprest: Gunnar Frøyland tlf. 958 73 847
Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim tlf. 900 34 326
Administrator Lye: Sigurd Idland tlf. 466 98 050
Ungd.arbeid. Lye: Anders Høgsås tlf. 952 51 809

Undheim

Heimeside <http://www.undheimkyrkja.no>
Sokneprest: Dag Øivind Østereng tlf. 41 65 98 93
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Kari Skare Sikveland tlf. 959 29 283
Ungdomsarbeidar: Tove Hersdal tlf. 922 57 342
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20

Besøk vår nettside:

www.time-kyrkja.no

E-post sokneråda:

Time sokneråd: time.soknerad@time-kyrkja.no

Bryne sokneråd: bryne.soknerad@time-kyrkja.no

Undheim sokneråd: undheim.soknerad@time-kyrkja.no

Foto framside: To svaner på Melsvatnet - Tor Magne Undheim

Helgedagen

Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.

Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.

Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 26. mai.

Neste nr. kjem ut ca. 16. juni 2016.

Til ettertanke

“...det må bety at mange lever som om Gud er død, som praktiske ateister.”



Arne Heggheim

Pinsetanker

Julaften fylles kirkene, mer glissent i Påsken! Nå står Pinsen for døren med den store hytteutfarten. Budskapet om Den Hellige Ånd er gresk for de fleste: Joh.16,7-9: «For dersom jeg ikke går bort, kommer ikke Talsmannen til dere. Men går jeg bort, kan jeg sende ham til dere. Og når han kommer, skal han gå i rette med verden og vise den hva synd er, hva rettferdighet er, og hva dom er: Synden er at de ikke tror på meg».

I uke 11 omtalte avisene gallupen som viser at for første gang er der et flertall på 39% (53 % av de unge) som ikke tror på Gud. 37% tror, 23% er usikre. 80% er innmeldt i Kirken, men bare 3 % går der. Det må bety at mange lever som om Gud er død, som praktiske ateister. Andre lager seg sitt eget gudsbilde ved å plukke litt her og litt der av det en liker, som i Ny-åndelige bevegelser, der Gud ikke er en person, men en kraft som virker fred og kjærlighet i mitt indre!

Det vanligste utsagn jeg møter er: «Jeg kan ikke tro på en kjærlig, allmektig Gud som tillater alt det vonde i verden». Men hevder du at Gud skal fjerne dette nå, så måtte Han utrydde deg og meg, for vi er selv en del av ondskapens problem!

Det innser enhver historiekjenner eller nyhetsleser. Etter syndefallet da mennesket frasa seg Guds beskyttelse i Edens Hage, ble vi overlatt til naturkreftene og hverandres ondskap! Når Jesus drøyer med å komme igjen, så er det tvert imot av kjærlighet til vår verden som skal ny-skapes! Derfor sies det i Fadervår «men frels oss fra det vonde»

I motsetning til alle andre religioner som prøver å finne en vei til Gud, handler Bibelen om at Gud selv oppsøker oss. Jesus fødes til jord, Gud holder rettssak over synden på korset, og Jesu går foran oss gjennom døden til oppstandelse og evig håp!

Stjeler noen bilen din og krasjer den, er første tanke politi og erstatning. Men når vår Skaper krever rettferdighet, avfeier vi Ham som irrelevant!

Før du avfeier Gud, har jeg en oppfordring til deg: Sjekk ut hva Jesus sier om seg selv i Evangeliene, eller bli med på et Alfakurs over 10 kvelder i menigheten din!

Arne Heggheim
Leder, Lye forsamlingshus

Min Salme

...”Når jeg leser denne sangteksten, hører jeg bruset av musikk og sang fra Frelsesarméen i Bergelandsgata i Stavanger da jeg var barn. Nå som jeg er blitt aleine i leiligheten på Bryne, skjer det ofte at jeg går og nynner og synger denne sangen for meg sjøl. Ikke bare den, men alle de gamle og kjære barnesangene fra min barndom.”



Aase Hegland Johannessen

Perleporten

*Som en berlig guddomskilde,
mektig, dyp og rik og stor.
Er den kjærlighet og nåde
som i Jesu hjerte bor!*

*Kor: Han skal åpne perleporten,
så at jeg får komme inn.
For med blodet har Han frelst meg
og bevaret meg som sin.*

*En gang som en jaget due,
som en såret hjort jeg var.
Men et rent fortvilet hjerte
aldri Jesus bortvist har.*

*Under over alle under:
Alt tilgav han meg en gang.
Om hans underfulle nåde
vil jeg synge glad min sang.*

*Når en gang i livets aften
jeg for porten banker på.
Da ved Jesu store nåde
skal den åpen for meg stå.*

Tekst: Fredrik A. Bloom 1917

Det har alltid vært stor sang- og musikkglede i familien, og *Han skal åpne perleporten* har jeg sunget for og med barna mine og etterhvert også med barnebarna. Kanskje får jeg også synge for oldebarna som bare er babyer i dag.

Før var det Lapp-Lisa som sang om Perleporten i Ønskekonserten og ellers i radioen. Hun gjorde sangen populær over hele Norden. Ja, hun var også flere ganger invitert til Amerika av svenske emigranter. Lapp-Lisa gjorde denne sangen til en skatt for tusenvis av mennesker, men hadde ikke skrevet teksten. Forfatteren er svensk-amerikaneren Fredrik A. Bloom, 1917.

I unge år kom Anna-Lisa Vikström, som var Lapp-Lisa sitt egentlige navn, til Frelsesarméen sin krigsskole i Stockholm. Sjefen hennes mente de måtte skaffe henne en samedrakt. Derfor kom dette tilnavnet, Lapp-Lisa. Da hun døde i 1974, hadde hun vært sangevangelist i 50 år. I dag er det nye sangartister som er populære, men Lapp-Lisa sin sangskatt har jeg på plater og skiver, og de spilles ofte i Kirsten Brynes veg på Bryne.

- Min salme, eller min sang skulle jeg velge. Det er ikke så lett når det er så mange sanger jeg er glad i. Tenker nå også spesielt

på Barnatro. Den sangen var veldig populær i mine barne- og ungdomsår. Det var Lapp-Lisa som sang den også. Jeg har lyst å ta med det første verset her:

Barnatro

*Har du kvar din barnatro
ifrån hemmets lugna bo?
Kan du bedja än, som förr du alltid
bad:
"Gud som haver barnen kär,
se till mig som liten är"
Gamla mor då känner sig så nöjd
och glad.*

*:/: Barnatro, barnatro, till himmelen
du är en gyllne bro. :/:*

Aase Hegland Johannessen

PS. Aase, som her har delt sitt songval med oss, er mor til Dag Johannessen. Arbeidet han og kona, Solveig, har bygd opp og er i nå, kan de lesa om på side 9. Aase og mannen Finn, som døydde for tre år sidan, har i pensjonisttida vore lange periodar på besøk og til hjelp for familien i Thailand. Dei var blant anna tett på hjelpearbeidet i tsunami-katastrofen som ramma landet ved juletider, 26. desember 2004.

emb



Gi til NMS – få skattefradrag!



**Det Norske
Misjonsselskap**

BROBYGGER I ORD OG HANDLING

Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

**Vil du gi en gave
til Normisjon?**




Kontonr: 1503.02.13537

Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.

www.normisjon.no

Frå arkivet:



Bjørn Bue

Tale etter folketoget Bryne, 17. mai 1975 v/ Bjørn Bue

Jærbuar – nordmenn – verdensborgarar!
Tillukke med 17. mai,
Tillukke med grunnlovsdagen,
Tillukke med frihet og fred.

Ynskja verkar så sjølvsgagde, at orda held på å bli banale. Å eiga ei grunnlov laga av folkets valde utsendingar og å nyte politisk og nasjonal friedom er så sjølvsgagt at dei fleste i vårt land ikkje lenger reflekterer over det. Er grunnlova, friedom og fred blitt så naturlege for oss at det vert keisamt, så skal i det minste 17. mai minna oss om at vi høyrer til eit lite mindretal i verda i dag som kan gleda seg over frihet i full mon.

Vi feirer i dag 161 års dagen for vår friedom og sjølvråderett som folk. I dei seinare år har eg feira frihetsdagar og grunnlovsdagar i afrikanske land. Jubileumstalet er ikkje høgt: Eitt-årsdagen, 10 års dagen for friedom og sjølvstende. Dusinvis av nasjonar og millionar av menneske har dei siste 30 år fått oppleve politisk frigjering frå maktsjuke utbyttesøkjande kolonimakter. Dette gleder vi oss over.

Men ennå pågår kampen. Ennå må nasjonar gripa til våpen for sin eksistensrett som frie nasjonar. Vår frihet forpliktar oss til solidaritet med desse undertrykte.

Frå arkivet til Helgedagen har vi denne gongen henta fram ein 17. mai-tale fra 1975. Den vart halden etter folketoget på Bryne, og talaren var Bjørn Bue. Han var då misjonær i Kamerun. Seinare vart han biskop i Stavanger i 1986. Han døydde i 1997.

Talen gjer eit veldig inntrykk
- også i dag!

KAA

Politisk friedom er blitt ein realitet for mange, men millionar av menneske er ennå slavar under fattigdom, sjukdom og uvitenhet. Desse er medborgarar på den same klode som oss, dei er vår nabo og neste. Er det rett av oss å lata dei i stikken så lenge vi har muligheter for å rekkja ei hjelpande hand? Dersom du var fattig og dei var rike, ville du venta at dei skulle gi deg hjelp? Dersom dine barn var sjuke og underernærte, ville du tykkja at det var naturleg at den som lever i ovnøgd gav hjelp? Dersom di bygd var utan skule, ville du tykkja det var naturleg at dei som hadde årevis obligatorisk skulegang gav ei hjelpande hand for å få dine barn ut av uvteenhetens mørke?

Dette er situasjonen i vår verden i dag.
Vi har møtt dei:

- far som kjem med guten og jenta og bed om at borna i det minste må få læra å lesa og få kunnskap.
 - den sjuke, på dødens rand av ein vanleg sjukdom som ei enkel sprøyte el. nokre tablettar kunne sett stopp for, om hjelpa hadde kome i tide.
 - den fattige og utmagra, så svak at han ikkje lenger maktar ropa. Sorgtyngde, tome auge mellom innhole kinnbein stønner lydlaust etter hjelp.
- Vi som har møtt dei kan ikkje la vera å ropa i deira stad, ropa så lenge det finst røyst i vår strupe.
GLØYM DEI IKKJE! LA RETTFERD SKJE.
Hugs at du er deira medborgar.

Men frihet frå fattigdom og sjukdom er ingen garanti for full frihet. Vi har slåande eksempel i verda i dag på folk som har vunne over desse ting, men som likevel lever i intellektuell og åndelig ufrihet.

Partiet fortel kva dei skal meina og tru.

Juntaen fastset kvar du skal bu, og korleis du skal kle deg. Under desse totalitære regima lever millionar av menneske i materiell velvære, men i åndeleg slaveri fordi tale-, trus- og ytringsfriedom er knebla.

Dei har sine representantar:

Ein Solsjenitsyn i eksil for å finna åndsfridom.

Ein Georgi Vins i fengsel for si kristentru, forfylgt av eit ateistisk regime. Eit regime så fattig på åndskraft at det ikkje vågar høyra ropet frå Nazareth: "Får då Sonen gjort dykk frie, vert de verkeleg frie."

Denne martyrkampen skulle også vera vår. Den minner oss om at den frihet og fred vi har i dag ikkje er sjølvsgagt i dagens verden.

17. mai skal læra oss til å sjå vår eigen situasjon i verdensperspektiv. Kvar er grunnen å finna til at vi har det så godt, kva har vår friedom og fred kosta av innsats og kamp, er vi viljuge til offer for å bevare vår friedom, og for at andre skal få del i han? Det er tragisk at krig og undertrykking ofte må opplevast for at friheten skal få meining.



Illustrasjon. Nasjonaldagen vår blir feira med norske flagg og folketog.

Berre minnene er nok til å få gledesårane til å trilla på alle dei som er så gamle at dei opplevde 17. mai for 30 år sidan. Folke-massane, jubelen, ekstasen, okkupasjonsmakta var slegen, vi kunne atter bevega oss, skriva og tala fritt. Nasjonalflagget vart atter heist. For alle som har opplevd tvangen, vil 17. mai alltid vera ein festdag med takk for friedom og fred.

For den som har opplevd overfallet, krigen, sett konsentrasjon-sleirar og død, er det sjølvsgagt at ikkje noko folk har garanti for evigvarande friedom. Men vi må også minna vår ungdom om dette. Den siste generasjon har fått veksa opp i fred og med aukande økonomisk og materielt velvære. For denne generasjon er frihet blitt sjølvsgagt, og tale om nasjonaldag, grunnlov og frihet verkar som tomt nasjonalromantisk ordgyteri.

Det er vårt ansvar å gi stadig nye kunnskap om vårt folks historie. Berre med kjennskap til vår historie kan vi vurdere vår plass i verdenssamfunnet. Historiekunnskap er naudsynt for å forstå fortid og samtid – det kastar også perspektiv og utsyn over framtida.

Vi nyt eit større materielt velvære enn nokon generasjon før har opplevd på denne kloden. Den som kjenner historia, og veit kva grunnlaget til dette velværet har kosta av slit og sakn hos våre forfedrar, han vert fylt av audmjuk takk.

Den som ikkje kjenner tidlegare generasjonars strev ser det heile som eit resultat av eigne prestasjonar og kastar seg inn i framtida med arrogant overmot og materialistisk sjølvskryt. Og sjølvskrytaren og egoisten har aldri blafra lenge på historiens himmel.

Her står vi ved eit kjernepunkt for vårt folks framtid. Skal dette bli framtrekande karaktertrekk i det norske folk vil det ikkje gå lenge før folket forgår i uhemma oljerus. Det folk som berre vil krevja, og ikkje er reide til offer – har ei kort framtid som fri nasjon.

Det er større folk enn vårt, kanskje større sivilisasjonar enn vårt også, som er gått til grunne, fordi folkets rop var brød og sirkus – velvære og sanseleg nyting utan vilje til å yta og ofra.

Dette er historiske realitetar som også kan verta vårt folks lagnad, dersom vilje- og karakterstyrke vert borte i folket. Det norske folk har hatt sterk karakter, fordi vårt adferdsmønster har vorte korrigerd av den kristne etikk og moral.

Vårt heimland i myrker lenge låg,
Og vankunna ljuset gøymde.
Men Gud du i nåde til oss såg,
Din kjærleik oss ikkje gløymde;
Du sende ditt ord til Norges fjell,
Og ljus over landet strøymde.

I det siste tusenåret av vår nasjonalsoge har Guds Ords lys med aukande styrke strøymt over landet. I dag er det krefter som vil føra vårt folk attende til åndeleg mørke, bort frå Gud, attende til heidenskapet.

Vårt Storting, vaktar av vår grunnlov, risikerer i neste veke å vedta ei lov som vil bryta radikalt med hundreår lang tradisjon i vårt norske folk.

Det er i denne samanheng ikkje tale om kor mange fleire



Illustrasjon. Minnesmerket etter dei falne i krigen 1940-1945 har ein sentral plass i 17. mai-feiringa

►abortar vi vil få etter det nye lovframlegget, samanlikna med gjeldande praksis. Det alvorlege er at eit heilt nytt rettsprinsipp er i ferd med å verta innført i vårt samfunn. Livet – også det ufødde liv – har alltid vore ukrenkjande i den kulturen som er gjennomsyra av kristendommen. – I snart 1000 år har Guds bod stått som stabbesteinane der:
Du skal ikkje stela,
Du skal ikkje drepa,
Du skal ikkje gjera hor.

Eigedomsrett, liv og ekteskap vart respektert og den som fortok seg visste at han burde gjort omatt. I moderne vegbygging brukar vi ikkje stabbesteinar, men effektive føringsfendere.

Guds Ord har vore ein føringskant som har halde det norske folk på vegen i ulendt terreng. Same kor god føringskanten er, så vil det alltid vera ein eller annan som i vitlaus fart køyrer utfor. Slik har det også vore i vårt folks tilhøve til Guds ord. Kristen moral har danna ramma for vårt adferdsmønster og grunnlaget for vårt rettsvesen. Det har likevel ikkje hindra at einskildmenneske har brote Guds lov og bod.

Men det alvorlege i dagens debatt er at mange meiner at fordi det er folk som køyrer utfor vegen, så må vi ta bort føringskanten slik at kvar den som vil fritt og utan å bli åtvare kan køyra utfor.

Fordi menneske bryt Guds bod, meiner mange at vi heilt og fullt må frigjera oss frå kristen etikk og moralære. Det er dette som er alvoret i dagens debatt om ny abortlov. Det dreier seg om ein heilt ny rettspraksis, grunnlagt på eit ikkje kristent menneskesyn. Utan kanskje å vera heilt klår over det, risikerer vårt Storting her å innføra eit marxistisk materialistisk menneskesyn i vårt rettsvesen. Mennesket og livet er berre materie, materie i bevegelse – kvifor skulle vi spesielt verja menneskelivet? Den svake og verjelause vil missa sin rett, og i neste omgang blir det bare den produktive og økonomisk rekningsvarande som vil ha livets rett.


Korleis er din reaksjon når du køyrer i fjellterreng utan førings-

kant? Usikkerhet. Vi ser det same i vårt samfunnsliv i dag. I same takt som dei nedbrytande kreftene i vårt folk lukkast i å bryta ned normene, føringskantane, å slå vrak på Guds ord, så spreier usikkerheten seg, utryggheten, særleg hos ungdomen. Reaksjonane vantar ikkje. Protestar og opprør. Spørsmål etter meining med livet, spørsmål stilt til ein generasjon som ikkje lenger kan svare ærleg. Mange finn svaret i eit laussluppe liv og narkotisk rus.

Kjære vaksne nordmenn – bryr de dykk ikkje sjølve om å halda på normene, føringskantane i vårt samfunn lenger, så lat oss i alle høve få behalda dei av hensynet til vår norske ungdom – la dei få rettesnor og verdinormer for si livsførsle. Norge har ein plass å fylla i verdenssamfunnet. Norrønafolk det vil fara, det vil føra kraft til andre. Vi vil føra kraft til andre – ikkje berre kraft i form av energi, fossekraft, olje og pengar. Men vi vil føra åndskraft til andre – for å gi karakterstyrke og tru. Skal vi kunna gjera dette må vi sjølve få halda på krafta. Pinseafta minner oss om at Gud vil gi oss det vi treng av åndskraft. Vi har berre viljug å ta i mot og dela med andre. Og med åndskraft er det slik at di meir du gir, di meir får du att. Her har vi ein energiresurs som ikkje tek slutt. Eit fritt folk som bevarer sin karakterstyrke og si tru har ennå ei oppgåve i vår verden. Eit åndeleg utarma folk, sløva av materialistisk egoistisk nyttingssjuke har lite å tilføra ein verden som alt er fattig, trøyt og forvirra.

Soga vert forma av menneske, viljesterke, målmedvitne kvinner og menn som er reide til å yta meir enn å nytta.

Jærbu og europear heitte det om vår store son – Arne Garborg. I dag går grensa lenger enn til Europa, Jærbu hugs at du er meir enn europear, du er kosmopolitt og verdensborgar – i ein verden som har bruk for di teneste. Jærbu og verdensborgar – du skal forma Noregs soge, og du kan vera med og forma verdens historie framover.



Biskop Bjørn Bue

Flyktning på Bryne – Det handlar om familieskjebnar



Frå "Snakkis"-kaféen på Bryne

Ahmad kjem litt seinare enn dei andre denne måndagen. Men han må vera med på "Snakkis"-kaféen og møta andre frå Syria. For her er det både asylsøkjjarar som kjem frå "Mottaket" på Nærland, og slike som har fått status som flyktningar.

Sjølvs kjem han frå Damaskus. Der budde han og familien, kone og to barn, i bydelen Yarmouk der det var etablert ein palestinsk flyktningleir på 1950-talet, lenge før borgarkrigen tok til i 2011. Ahmad hadde fullført ingeniørutdanning ved universitetet i Damaskus, og underviste i matematikk på vidaregåande skule der.

Men i 2012 blei bydelen Yarmouk, som berre er på to kvadratkilometer, ein kamparena der Den frie syriske arméen kom inn og kjempa mot Den syriske regjeringshæren. Tusenvis av sivilbefolkninga blei drepne, deriblant bror til Ahmad, som var rektor på ein av FN sine skular i flyktningleiren. I november 2013 blei bustadkomplekset der Ahmad budde med sin familie, bomba i ruiner. President Assad viste ingen nåde mot denne bydelen der det budde 800 tusen menneske. I dag bur det berre 20 tusen igjen i ruinane der.

Ahmad Abdelhafez fekk ta seg gjennom sperringane til flyplassen då bombinga blei intensivert – og kom seg til Kairo i Egypt. Hola, kona hans, og dei to små barna, Mohammad og Hala, flykta i hast nordover til Homs der ho var ifrå. Ahmad kom seg frå Egypt med båt over til Italia. Derifrå gjekk vegen gjennom Europa til Norge, der han enda opp i Stavanger i november 2013. Men det store spørsmålet var: ville han få møta kona og dei to små barna sine? I mai 2014 blei det gjenforening. Hola og barna hadde greidd å ta seg over til Libanon, og derifrå – ved hjelp frå FN – kom dei til Stavanger der dei no søkte asyl.

Dei fekk status som flyktningar og overført til Bryne i juni 2014. Utpå hausten viste det seg at den fire år gamle Muhammad



Ahmad Abdelhafez i samtale med Jens Olav Mæland

hadde leukemi. Det har gjort at dei har måtta frekventert sjukehus nok så ofte, både i Stavanger og Bergen. Veslejentla Hala er i Marihøna barnehage på Bryne og trivs godt der.

Sjølvs om Ahmed er muslim, melde han seg straks som frivillig hjelpar ved KIA – det kristne invandrararbeidet i Stavanger der han framleis er engasjert. Han hjelper også til som støttelærer i matematikk ved Bryne Vidaregåande på frivillig basis. Både han og kona får språkopplæring på Bryne. Ho er med i den frivillige kvinnegruppa der ein blir kjent med andre som har ein liknande livssituasjon.

Dei som no kjem til oss som flyktningar har ein svær bagasje i "ryggsekken" sin. Dei har opplevd traumatiske hendingar der dei har sett korleis menneske dei kjende har blitt skotne framfor augo deira. Dei fleste har mista nokon av sine aller næraste. Det er ikkje jakt etter lukke som har drive dei hit, men ein kamp om liv og død. No søkjer dei eit nytt liv – og me har sjansen til å bety ein forskjell for dei!

Tur til Thailand

- Ein samtale med Annlaug Thu Hetland



Buddhamotiv fra Thailand. Alle foto: Annlaug Thu Hetland

I månedskiftet januar/februar var det prostitusjon til Thailand. Grupper fra Jæren hadde ei festreise i landet gjennom 14 dagar. I Bangkok besøkte dei Dagheimmet og Immanuelskyrkja som Den evangelisk-lutherske kyrkja i Thailand driv, støtta av Det Norske Misjonsselskap (NMS), i eit stort slumområde, Klong Toey.

Husa her ligg som eit teppe av bølgeblikk mellom svære høghus og blokker. Tomtestorleik, lystilhøve og utsikt er fråverande ord i vokabularet, for ikkje å snakka om høg himmel og frisk luft. Mange bur rett og slett under dei store bruene, der trafikken

susar døgnet rundt i seks kjørefelt. «Det regnar ikkje der», seiest det og lyder som ein fordel. Kyrkja feirer den store festen ved juletider, og andre storhendingar, på ein plass under brua.

Frå 1998 har Bryneguten Dag Johannessen, kona Solveig og tre born, hatt arbeidsstaden sin i dette området. Dag hadde i unge år fartstid på Saron, i Ungkyrkja og i koret Te Deum. Ved gudstenester i Bryne kyrkje vert han og familien tekne med i forbøna saman med dei andre misjonæra frå vårt distrikt. Reisefylgjet frå Jæren møtte ikkje Dag. Han var sjukemeldt etter ein operasjon, men dei fekk sjå Solveig i aksjon. I tillegg til å vera prest i Immanuelskyrkja, har Dag i ei årrekke vore NMS sin



Friskt blomstersmykke som velkomst til hotellet
Annlaug (t.v.) og Ingrid Haarr



Glade tonar frå små hjarteknusarar



Eitt av dei mange flotte Buddha-templa



Fin konsert i Immanuelskyrkja - Solveig med to elevar

representant for alt arbeid Misjonsselskapet driv i Thailand. Folketalet i Thailand nærmar seg 70 millionar, og av desse bur ca. 12 millionar i Bangkok. Annlaug Thu Hetland deler her fine bilete og tankar med oss etter møtet med dette området. Det første Annlaug utbryt er dette:

- Det var så mykje folk! Det krydde overalt! Området rundt Dagheimmet og Immanuelskyrkja såg ganske ubeskriveleg ut for norske augo. Ufatteleg at folk kunne leva der. Men så tenkte eg: me kan ikkje leggja Norge som bakteppe og grunn for våre vurderingar. Desse menneske måler etter sin eigen skala. Dei ser ikkje fortvila og ulukkelege ut om dei er fattige. Tvert om, det stemmer: Thailand er Smilets land. Overalt kjende me oss så velkomne. Menneske såg oss, var høflege og ja, rett og slett smilte.

I utkanten av det store slumområdet Klong Toey, der livet suste på alle kantar, møtte me vennlege folk. Og her sto altså bygningen som romma Immanuelskyrkja i første etasje og Dagheimmet i andre. Det var som å stiga inn i ei anna verd å koma inn der og møta ein stor flokk førskulebarn og vaksne omsorgspersonar. Dagen starta med flaggheising og nasjonalsong. Min første tanke var: For ein sjanse for alle desse små å få mange timar dagleg her med læring og omsorg på alle plan. Barna var velstelte. Dei stilte disiplinert opp og song for oss. Det var veldig rørende, særleg med tanke på livet dei både kom frå og skulle heim til. Det var eit syn å sjå dei i ein god pause. På golvet, med matter som underlag, låg dei ganske tett i rekkje og rad og sov. Varmen var intens, så dei trong nok snart ei kvild.

Eit kort besøk kan sjølsagt ikkje gi innblikk i alt som skjer. Men Solveig og Dag har hatt song og musikk med som ein integrert del i arbeidet alle desse åra. Solveig er organist/musikar og har drive kor, orkester og undervist elevar enkeltvis. Fiolin er eit statusinstrument i Thailand. At born frå Klong Toey har fått vidare skulegang og også universitetsutdanning i musikk, er blitt lagt merke til. Solveig har motteke ein pris for arbeidet sitt av myndighetene i Thailand.

- Me fekk oppleva ein av dei som hadde fått eksamen frå universitetet. Han song for oss i Immanuelskyrkja, som altså var kyrkjeromet i første etasje. De får sjå på biletet av Ton og prøva å høyra og føla når denne guten stemmer i: "You raise me up, so I can stand on mountains!"



Ton syng "You raise me up"

- Like sterkt som det var å høyra songen er historia hans gripende: oppvekst i slummen, via Lovsangshjemmet (for born frå 1/2-2 år), Dagheimmet og Immanuelskyrkja - til musikkstudier ved universitetet og eitt års læring i Bangkok sitt symfoniorkester. Dermed hadde han sjansen til eit annleis liv enn foreldra, leva av å vera fiolinist. Då tok han eit val som Misjonstidende omtalar slik i siste nr: - Jeg ønsker å bli i slummen for å utgjøre en forskjell og gi håp til flere barn og ungdommer. I dag dirigerer han B-orkesteret, slummen sitt ungdomsorkester. Dei får stadig spelejobbar og tener pengar til arbeidet.

Tekst: emb

Startar Alpha med ein vits



Dei fem yngste på Alpha-kurset. Fra venstre Tobias Vassbø (14), Kristoffer Vassbø (13), May Ølene Risa (29), Helene Myrstad (28) og Eivind Undheim (20)

Undervisninga på Alpha-kurset startar alltid med ein vits. - Det lettar på stemninga å kunne le saman, det løyser oss opp, og det set oss i godt humør.

Frå laurdag til søndag 9. - 10. april var 31 personar på Alpha-weekend på Nordlys leirstad i Sandnes. Dette er ein del av Alphakurset som denne våren har vore halde på Lye forsamlingshus. Denne helga reiste kursdeltakarane vekk for å setje fokus på Den Heilage Ande og korleis ein kan leve resten av livet på ein best mogleg måte.

Helga bestod av undervisning, gruppesamtale, lovsong, tur på ettermiddagen, og underhaldning på kvelden. Ein fekk òg moglegheit til å setja seg i ein stol framføre to personar og bli bedt for. Dette var det ein god del som nytta seg av.

Heile kurset varer frå 23. februar til 3. mai, altså 10 kveldar pluss ein weekend. Det er totalt 40 personar med på kurset, medrekna leiarar og medhjelparar. Aldersfordelinga er frå 13 til 69 år. Kvar kurskveld består av god mat, undervisning og gruppesamtale. Tema er ulike sider av den kristne trua, og det er mogleg å kome med alle slags spørsmål og tvil. Neste kurs skal etter planen starta opp i september. Kurset er opent for alle, ikkje bare for dei som bur på Lye.

- Og ein treng ikkje ha ei kristen tru for å bli med, men eit søkande sinn kan vere greitt å ha.

Sigurd Idland



Eksempel på ein Alpha-vits:
Den vesle dottera til presten hadde ikkje oppført seg bra, og prestefrua hadde gitt henne straff av verste slag: Ho fekk ikkje vera med på søndagsskolen sin tur neste søndag.
Då søndagen kom, angra prestefrua, og fortalde jenta at ho likevel fekk reise på søndagsskuleturen, men jenta blei ikkje glad.
- Eg trudde du hadde lyst å vere med på utflukta, sa mora til dottera si.
- Ja men mamma, sa jenta, det er for seint! Eg har allereie bedt om stygt ver.

Peter Hognestad-jubileet opna med kulturkveld i Bryne kyrkje



Peter Hognestad var født på Hognestad i 1866. Han var biskop i Bjørgvin frå 1916 til han døydde i 1931

I år er det 150 år sidan biskop Peter Hognestad vart født. Jubileet vert feira med ulike arrangement lokalt og nasjonalt. Bondeguten frå Hognestad var ein pioner for nynorsk kyrkjespråk. Han var biskop i Bjørgvin (1916-31), og salmane han omsette høyrer til dei kjæraste i salmeskatten.

Nasjonal komite

Ottar Grepstad, direktør for Nynorsk kultursentrum, er leiar av den nasjonale komiteen i jubileumsåret. – Hognestad var saman med Elias Blix og Anders Hovden den fremste til å opne Den norske kyrkja for nynorskbrukarar. Gjennom dette jubileet skal me dokumentere og formidle Peter Hognestads verk og samfunnsrolle, drøfte kyrkja si rolle i utviklinga av Noreg som eit fleirspråkleg samfunn, og vi vil fremje bruken av nynorsk i kyrkje og lekmannsrørslar. Såpass må det vere for ein som også omsette "Fager kveldsol smiler" og "Det hev ei rosa sprunge", meiner Grepstad (Kjelde: Aasentunet sine heimesider)

Kulturkvelden i februar

Ottar Grepstad var til stades ved kulturkvelden i Bryne kyrkje. Dette arrangementet markerte opninga av jubileumsåret og var eit samarbeid mellom Time historielag og Bryne sokneråd. Dei som var i den nærast fullsette kyrkja, fekk oppleve ein minnerik og flott kveld. Lærerik, stemningsfull og gild. Per Halse held hovudforedraget. Han har vore rektor ved høgskulen i Volda og brukar nå eit friår til å skriva biografien om Peter Hognestad. Blandakoret Jærklang song dei kjende salmane som Hognestad har omsett frå tysk. Glenn Rugland var med på trompet, og 12 år gamle Marte Skretting framførte ein song med spesiell historie innan familien. Øyvind Nordsletten som er i slekt med



Foto: Bjørn Bekkeheien

På kulturkvelden i Bryne kyrkje var blant andre desse sentrale aktørar. Frå venstre: Øyvind Nordsletten, Tarald Oma, Per Halse og Ottar Grepstad

jubilanten, kåserte om Hognestad med fokus på heimstad og familie.

Nynorske festspel

Det blir også Hognestad-feiring i samband med Dei nynorske festspela, det årleg sommar-arrangementet ved Ivar Aasentunet på Sunnmøre. Der skal det søndag 26. juni kl 11.00 vere festgudsteneste i Uteamfiet. Preika er ved Hans Johan Sagrusten frå Bibelselskapet, og det blir sjølvsaagt Hognestad-salmar.

Kl 13.00 same dag og stad skal biograf Per Halse halda foredrag om salmekunstnaren Peter Hognestad.

Olsokfeiring på Hognestad

Olsokkvelden, 29. juli, er det planlagt det eit stort arrangement på heimgarden til Peter Hognestad. Det er i regi av Time historielag og sokneråda i Time og Bryne. Då vert det Olsokvandring knytta til heimetunet og friluftsgudsteneste. Meir detaljert program kjem i neste nr. av Helgedagen.

Poesifestival i Ulvik

Også på Poesifestivalen i Ulvik vil Hognestad-jubileet bli markert. På avslutningsdagen, søndag 11. september, er det lagt opp til fleire arrangement der Hognestad er tema.

Boklansering og festgudsteneste

Jubileumsåret blir avslutta med festgudsteneste i Time kyrkje 13. november. Hognestad vart født 12. november og denne dagen skal boka om livsverket til Peter Hognestad lanserast på Garborgsenteret. Biograf Per Halse kjem til Bryne denne helga.

Det blir meir omtale om Peter Hognestad i Helgedagen seinare i år.

RT

Nye medarbeidarar



Morten Bjorland
- ny ungdomsarbeider
i brynekyrkja

Morten Bjorland er 21 år, fødd og oppvaksen på Nærbø. For tida held han på med sitt andre år som student ved Ansgar, der han studerer teologi. Morten vil vera ein sentral person i møte med ungdommar i Brynekyrkja, med særleg fokus på Ungkyrkja, som har sitt treffpunkt på torsdagskveldar i kjellaren i Bryne kyrkje.

Morten, me ønskjer å bli betre kjent med deg. Kven er du som person, og kva eller kven har betydd mykje for deg som kristen? - Eg er ein Jesu etterfølgjar. Den som har betydd mykje for meg, er Jesus – sjølv sagt! Utanom han, er det ei god blanding av vener, familie, NKUL – ungdomsarbeid på Nærbø, Nærbø kyrkje og Tryggheim Ungdomsskule – alle har hatt stor betyding for mitt

liv. Og ikkje minst også Bibelen.

Kva draumar har du for Ungkyrkja?

- Min draum for Ungkyrkja, er at dei som kjem på UK, skal kunna føla seg heime i eit trygt fellesskap – eit fellesskap som kan gje rom for vekst, ettertanke og forankring i Bibelen og den kristne trua. Eg ønskjer å formidla Bibelen, Guds ord.

Dersom du har ein dårleg dag, kva kan me gjera for å oppmuntra deg?

- Å servera ein kopp kaffi og fyrstekake slår aldri feil. Me er veldig glade for å ha Morten med oss i staben til Brynekyrkja. Ta godt imot han og ver med å hugsa på han i bønn.

Marion Lende



Jofrid Aarsland Mikalsen
- ny diakonvikar

Jofrid Aarsland Mikalsen er på plass som ny diakonvikar etter Ingelin Hatteland Norbakken som har fått diakonstilling i Gausel menighet. Jofrid er 28 år gammal, nest eldst i ein syskenflokk på 4, og ho er oppvaksen delvis i Finnmark og delvis i Egersund. Nå er ho gift og bur på Bryne. Ho er utdanna sosionom, men har alltid hatt lyst til å arbeida i kyrkja. Diakonien er kyrkja si sosiale teneste, og derfor tykte ho denne stillinga var både spennande og heilt innanfor ramma av hennar interesse og utdanning.

Jofrid går inn i ei 40 % stilling, og dei diakonale oppgåvene vert fordelte mellom henne og Marit Høie Hetland som har 60 % stilling. Det som førebels er klart, er at ho vil ha eit hovudansvar for arbeidet i

Time sokn, og ho skal ha oppfølging av diakonutvalet der. Ho skal også vera aktivt med på søndagstreffa i Bryne kyrkje, som er møte særleg tilrettelagt for personar med utviklingshemming.

På spørsmål om kva ho særleg gler seg til i tenesta, nemner ho dei gode samtalane med dei eldre. Jofrid har gjennom sommarjobb i den kommunale heimetenesta blitt veldig glad i kontakten med denne aldersgruppa, og ho ser at mange set stor pris på å ha ein samtalepartner som bryr seg.

Me ynskjer Jofrid Aarsland Mikalsen hjarteleg velkomen i stabsfellesskapet. Me trur ho vil trivast med tenesta for Time-buen og at Time-buen vil trivast med henne.

Olav Vegard Søyland

Konfirmant 2017 - noko for deg?



Basar på Lye forsamlingshus



NMS-basar med god drøs i godt selskap

Laurdag 12. mars arrangerte NMS foreninga på Lye basar for Det norske misjonsselskap. Etter lang tid med førebuing i foreninga, var det kjekt å sjå at mange hadde satt av dagen og bidrog til at Lye forsamlingshus vart fylt til trengsel av rundt 220 personar. Etter eit hjarteleg velkommen til alle, var det Lye barnegospel som song under

leiing av sin dirigent Ragnhild Hanssen. Gildt både å sjå og høyra på dei! Hans Austrnaberg, tidlegare prest på Lye, hadde misjonsandakt og fortalde frå Madagaskar om ein liten gut som var redd for å gå på sundagsskulen i skitne klede. Heldigvis er Jesus glad i alle - og ikkje minst i borna! Me fekk òg vera med å synga "Jesus elsker alle barna" på gassisk.

Så var det tid for ein god pause med mykje godt drøs, smørbrød, kaker, saft, kaffi - og ikkje minst loddosal. Ein kunne kjøpa lodd i bøker til hovudtrekninga, men minst like gildt var nok lynutlodninga. 2 kr pr lodd og godt høve til å få med seg ein eller fleire gevinstar! Alle såg ut til å kosa seg med mat og kaffi og sjekking av lynlodda som dette året endåtil var i Lye sine fargar - blått og gult! Sjølv om det ikkje var like mange gevinstar på hovudtrekninga, var det mange i salen som var heldige og kunne få med seg noko heim frå denne òg.

Viktigast for oss som arrangerte er likevel at dei som kom hadde ei triveleg stund i lag med oss, og at ein og kunne ha litt fokus på misjonsarbeid utanfor Norges grenser. Stor takk til alle som var med og gjorde dette til ei god oppleving - og med godt resultat - ca 50.000 til NMS.

Lillian Hjørnevik

Enten du trur, tvilar eller berre er nysgjerrig, er du velkommen til konfirmasjon i kyrkja. I konfirmasjonstida får du læra meir om deg sjølv og Gud. Du får anledning til å utforska nokre av dei mange spørsmåla i livet saman med andre. Vi snakkar om livet – på godt og vondt, om kjærleik og om Gud. Samtidig får du oppleva mykje nytt.

.... Bli med på ei spennande reise fram til den høgtidelege konfirmasjonsdagen!

Konfirmasjonar 2017

Laurdag 29. april kl 11.00 og 13.00: Bryne kyrkje
Søndag 30. april kl 10.30 og 12.30: Bryne kyrkje
Søndag 7. mai kl 10.30 og 12.30: Time kyrkje
Søndag 14. mai kl 10.30: Undheim kyrkje
Laurdag 13. mai kl 11.00 og kl 13.00: Bryne kyrkje

Konfirmasjonar 2016

Lørdag 28. april kl 11.00 og 13.00: Bryne kyrkje
Søndag 29. april kl 10.30 og 12.30: Bryne kyrkje
Søndag 6. mai kl 10.30 og 12.30: Bryne kyrkje
Torsdag 10. mai kl 10.30 og 12.30: Time kyrkje
Søndag 13. mai kl 10.30: Undheim kyrkje

Lokal brosjyre kjem i mai. Påmelding på www.time-kyrkja.no frå 20. mai.

Ingfrid Time Nærland

Bryne kyrkje

Laurdag 30. april
kl 11.00

Arian Aune
Janne Bjelland
Maren Nordmark Frøiland
Sondre Odland
Ådne Otto
Herman Aarstad Rasmussen
Eirik Felipe Serigstad
Serine Steen-Hansen
Espen Svendsen
Marius Særheim
Åsne Særheim
Austin Ueland
Hedda Undheim
Ida Bergene Undheim
Maria Vigre

Laurdag 30. april
kl 13.00

Ole Simon Auglend
Christian Wiig Bangsmoen
Regine Berntsen
Ina Bransvik
Lisa Ueland Braut
Thea Mariana Hinnaland Edland
Karen Espedal
Magnus Joao Høien Igland
Mari Fatland Kvalevåg
Martha Kristine Kåstad
Gabriel Oma
Ina Refsnes
Marius Rimestad
Live Aareskjold Salte
Synne Skadberg
Johannes Ho Hetland Thrana
Petter Øfsteng
Anne Østvold
Adrian Aarsland

Søndag 8. mai
kl 10.30

Ane Høyland
Lene Lende
Karen Aarrestad Nesse
Maria Salte

Søndag 8. mai
kl 12.30

Vanja Budsberg
Vetle Budsberg
Lina Marie Rosland Bø
Hege Hadland
Sverre Høie Holen
Daniel Owe Hope
Martin Kvalvik
Thomas Larsen
Vilde Lemvik
Liva Tjøland Lende
Kristian Eskeland Log
Turid Salte
Vebjørn Strømø Stangeland
Kristian Høien Tengesdal
Judith Aase Ulland
Viktoria Valdeland
Kristian Aamodt

Laurdag 14. mai
kl 11.00

Christian Bertelsen
Mathias Fasseland
Kristian Johnsen
Stine Orre
Årne Reime
Eirik Rugland
Pernille Skrettingland
Alexander Skårland
Henriette Vetrhus

Laurdag 14. mai
kl 13.00

Runar Fosse
Emilia Giske
Kristoffer Tegle Grastveit
Leif Andre Høyland Grødeland
Maria Herigstad
Aleksander Hersdal
Simen Hersdal
Inger Marie Lende Hove
Evelyn Beret Kleven
Kristen Reime
Une Selliken
Mari Åmodt Tegle
Mona Tegle
Even Undheim Aase
Ulrik Cornelius Aastebøl

Time kyrkje

Torsdag 5. mai
kl 10.30

Birthe Kjømø Arntsen
Tuva Eikrem Fiskaa
Kaia Tjensvoll Fosse
Grete Frøyland Grødem
Randi Grødem
Lasse Haugland
Lotte Jakobsen Hinnaland
Øyvind Hjørnevik
May Hege Lye
Nora Malmin
Tim Degn Mikkelsen
Emil Paulsen
Simon Pettersen
Hanna Sandsmark
Solveig Skrudland
Thomas Skrudland
Inger Skårland
Mari Steinsland
Tobias Vassbø
Knut Ødegård

Torsdag 5. mai
kl 12.30

Henriette Nessa Bjørnevik
Maria Dyngeland
Johnny Engelsvold
Mathias Obrestad Eriksson
Ailina Østebø Gaaren
Andreas Harestad
Maren Horvath
Emilie Høyland
Elias Vigrestad Kristiansen
Sindre Leikanger
Maria Hetland Lende
Stine Lise Oftedal
Kristian Oma
André Rosseland Salte
Tobias Cedervall Sikveland
Henrik Auestad Skjørshammer
Vegard Skrudland
Ole Sander Tegle Tveit
Åsbjørn Vigre

Undheim kyrkje

Søndag 1. mai
kl 10.30

Preben Hegre Berg
Kaia Ødegård Egeland
Magnhild Fosse
Malin Wefring Fosse
Thomas Garborg
Øyvind Gauksås
Kristine Gausland
Dennis Gya Kartevoll
Morgan Håland Mellemstrand
Beate Rasmussen
Ida Risa
Ådne Tjemsland
Martine Tjøland
Julie Undheim
Roy Morten Undheim

Ver med og be for konfirmantane våre:

Be, så skal de få. Leit, så skal de finna. Bank på, så skal det latast opp for dykk. For kvar den som bed, han får; og den som leitar, han finn, og den som bankar på, skal det latast opp for. (Matt 7,7-8)

Trafikalt grunnkurs
Bryne Bil & MC Skole

Erlandsbakken 4, 4349 Bryne, Tlf. 51 48 25 10



Bedehuskirken

ImF Bryne, Saron

29. apr 20.00	GN-ungdomsgudstj.
1. mai 11.00	Morgengudstjeneste
1. mai 19.00	Kveldsgudstjeneste
13. mai 20.00	GN-ungdomsgudstj.
15. mai 11.00	Morgengudstjeneste
15. mai 19.00	Kveldsgudstjeneste
27. mai 20.00	GN-ungdomsgudstj.
10. jun 20.00	GN-ungdomsgudstj.
12. jun 11.00	Morgengudstjeneste
12. jun 19.00	Kveldsgudstjeneste
24. jun 20.00	GN-utsendelsesfest

NORMISJON

BRYNE

VÅREN 2016

PÅ SARON

Onsdag 4. mai
Søndag 8. mai
Mandag 16. mai 2. pinsedag

Onsdag 1. juni
Søndag 19. juni
Søndag 3. juli

Onsdag 3. august

MAKS- KLUBBEN

På SARON

Kvar tysdag kl. 17.30-19.00

For alle frå første klasse og oppover
Aktiviteter innan forming og sløyd

Misjonssambandet



Fotland bedehus

Mai

- 1. Søndagsskule
- 7. Ungdomstreffen
- 9. Bønnemøte
- 20. Ope hus
- 21. Ungdomstreffen
- 22. Søndagsskuletur til Holmavatr
- 23. Bønnemøte
- 31. Kvinneforening NMS

Juni

- 3. Ope hus
- 4. Ungdomstreffen
- 6. Bønnemøte
- 18. Ungdomstreffen
- 28. Kvinneforening NMS

AKTIVITETEN

På SARON



Annenhver torsdag 1900 – 2100
28. april

Alder: Fra 6. klasse

Modellfly bygging og simulator, bil og elektro byggesett. Fluebinding
Pizza, Andakt

Misjonsambandet



Speidaren

Våren 2016

Les meir på brynekyrkja.no/speidaren og på brynespeider.no



Jungelkoret

Våren 2016

Annankvar torsdag kl. 17.15

Les meir på facebook.com/jungelkoret
brynekyrkja.no/jungelkoret



Jungelgjengen

Våren 2016

Les meir om søndagsskolen på
www.brynekyrkja.no/jungelgjengen



FRELSESARMÉEN

BRYNE



Faste programmer:

Mandag	kl 17.00 Småbarnsang kl 17.00 Barnegospelkor
Tirsdag	kl 10.30 Babysang kl 19.00 Hjemforbundet
Onsdag	Cellegrupper
Torsdag	kl 12.00 Cafe William kl 18.00 Koinonia kl 18.00 Over de 60 (siste i mnd.)
Fredag	kl 18.00 FA innebandy kl 18.00 FAbu-klubb
Søndag	kl 11.00 Gudstjeneste kl 11.00 Søndagsskolen (Første og siste i måneden) kl 11.00 Fam.gudstj. (tredje i mnd.)

April

16.	kl 19.00 Hjelpeforeningens Vårbasar
24.	kl 11.00 Fami.gudstj. og Diplomfest
28.	kl 18.00 "Over de 60" (Kari & Ståle Ree)

Mai

15.	Pinsedag. Fellesgudstj. i Stavanger
17.	kl 18.00 Nasjonalfest

Juni

19.	kl 11.00 Sommerfeiring! Utfluktsdag
Sommerfester hver onsdag kl 19.00. Utlodning og beverting! 6.7, 13.7, 20.7, 27.7, 3.8, 10.8	

Miljø, møteplass og misjon



NMS Gjenbruk

på Bryne

Parken Senter

Tlf. 951 06 028

Inngang ved hjørnet til
Saronsbrotet og Meieriegata

Opningstider:

Måndag/fredag 10.00 – 17.00

Laurdag 11.00 – 15.00

Har du stumpar av stearinlys?

Stumpane kan du levera på
NMS Gjenbruk
på Bryne

Stumpane blir til nye lys
og til tennbrikker. Medar-
beidarane på lysstøyperiet
arbeider dugnad. Oversko-
tet blir brukt til å tenna lys
av håp til menneske over
heile verda!

Kom gjerne innom også på JÆRDAGEN

 JAN REIME BIL & KAROSSERI AS 4340 BRYNE, Hålandsveien 37 Tlf: 51 48 12 00	 JENS GERLACH SØRENSEN A/S	aktiv. Skal du selge bolig? Aktive meglere lønner seg! Kontakt Aktiv Eiendomsmegling Jæren på 51 77 80 00 / bryne@aktiv.no Vi meglar frem dine verdier www.aktiv.no
 La oss ta hele badet Ring 51 77 91 91, og be oss ta hånd om alt fra tegning til ferdig, nytt badet. Les mer på www.byggelaget.no Byggelaget	 RØRLEGGER ELEKTRO VARMEPUMPER UTENDØRS SPA KJØLEROM www.ave.no - Tlf.: 09543	
 Bryne Rør A/S Vesthagen 9, Håland, 4344 Bryne	 EL-TEAM Elektroentreprenør Morenefare 5, Bryne, Tlf. 51 48 67 40 E-post: dr@el-team.net, Internett: www.el-team.net	* Alveland * BUNADER Meierigt. 15, 4340 Bryne www.alveland.info
JADARHUS Det lille ekstra • ARKITEKT • NYBYGG • PÅBYGG • OMBYGGING Avdeling Bryne Kontakt Arvid Braut — tlf. 95 23 75 23 — mail. arveidb@jadarhus.no Vesthagen 9, Bryne — www.jadarhus.no	 Jær Tannlegene Heidi Bøe Honningsvåg Jaertannlegene.no 5148 4800	Johansen Elektriske as Postboks 510 - 4349 Bryne Tlf: 51 48 01 01
Sjekk Punkt BILVERKSTED www.sjekkpunkt.no 4000 6447 LYE BIL AS	MØBELRINGEN I. Bjørnsen A/S Jærv. 250, 4340 Bryne - 51 78 50 20	Brit Ege Salongen Frisering og annen skjønnhetspleie Meierigata 16, 4340 Bryne Telefon 51 48 03 72
BØRGE UNDHEIM AS KYLINGOPPDRETT  Litlaundheimsvegen 135 4342 Undheim Tlf 51 48 89 00 Opp til 18 veker gamle kyllingar kan leverast heile året	haver Haver Advokatfirma Ans Øgårdsbakken 3, Bryne telefon 51 77 00 50	TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig Vesthagen 4, 4344 Bryne Tlf. 51 77 15 90 jæren sparebank

VELKOMMEN TIL SAMLIVSKURS

På Holmavatn 19. – 20. november 2016

Målsettinga med kursa
Styrka evne til å forstå kvarandre
Styrka evne til å leva med forskjellar
Styrka evne til å snakka saman

Pris
Pris pr. par for heile weekendkurset er 1700,-
Dette inkluderer full kost og losji

Kursa varer frå kl 10 på laurdagen og sluttar kl 16 på søndagen

Påmelding og meir info. Time kyrkjekontor tlf. 51770377. Mail: diakon@time-kyrkja.no
Det er fortløpande påmelding

Arrangør: Kyrkjene i Time, Klepp, Hå og Sandnes




To på samme kurs

Et spennende kommunikasjonskurs for par!

GÅVEKORT
Ønskjer du å gje eit av kursa i gåve til nokon, ta kontakt for å få kjøpt gåvekort

NB! Begge kursa går parallelt, og de må seie frå ved påmelding kva kurs de ønskjer å ta




Sommerleir på Ognatun



Sommerleir 1	2.-4. kl	03.-05. juni	Påm. frist 09. mai
Sommerleir 2	3.-5. kl	10.-12. juni	Påm. frist 16. mai
Sommerleir 3	5.-7. kl	17.-19. juni	Påm. frist 23. mai
På leir med far	5.-7. år	9.-11. sept	Påm. frist 22. aug
Tenleir	8.-10. kl	16.-18. sept	Påm. frist 22. aug

Påmelding: <http://imfrogaland.no>



Bibeltimar i Bryne kyrkje

Hausten 2016

Kva er luthersk kristendom?

Hovedtema denne gongen er: **Kva er luthersk kristendom?** Det vil bli utdjupa frå ulike vinklar. Dette er svært aktuelt, ikkje minst i lys av Luther-jubileet neste år.

Desse blir med som innleiarar: Sokneprestane Andreas Haarr (Klepp) og Dag Øivind Østereng (Undheim). Dessutan blir Joar Haga, som er lærar ved Lærerakademiet, med, og fleire av lærarane ved Misjonshøgskulen: Torstein Jørgensen, Knut Alfsvåg og Bård Mæland.

Det detaljerte programmet vil bli gjort kjent seinare. Men komitéen ber interesserte setja av desse tysdagane, og eventuelt leggja foreningskveldar til desse bibelkveldane.


Bryne sokneråd er ansvarleg, i samarbeid med Klepp sokneråd.

På vegne av komitéen
Jens Olav Mæland

Det blir samlingar:
27. sept., 11. okt., 25. okt., og 8. november
Kveldane tek til kl. 19.00, og det er to innlegg kvar kveld med ein kaffi/te-pause imellom.



EiendomsMegler 1



JÆRPRINT
TRYKKERI & DESIGN



BERGENE MASKIN
Grødelandsvegen 28 - 4340 Bryne
Graving•Transport•Singel•Grus•Solla jord
E-post: arvid.bergene@bergenemaskin.no
Org.nr. NO 980 557 901 MVA
www.bergenemaskin.no
Arvid Bergene
Daglig Leder
Mob. 917 30 249



WACO
Forsikringsmegling as

Tid for å fikse opp ute eller inne? Ta kontakt, så hjelper vi med jobben!

ROY FRODE MONGE
90 11 66 41 - rfm@rogenes.no
ODD KÅRE RØGENES
90 94 01 80 - okr@rogenes.no

FAGKUNNSKAP GIR TRYGGHET
www.rogenes.no

RØGENES & Co AS

VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS

eK Glassmesterforretning
Einar Knutsen as
Postboks 149, 4349 Bryne
TLF. 51 48 02 11.
DØGNSERVICE 971 78 180



Koinonia
BØKER, GAVER, LEKER OG INNRAMMING
Brynesenteret – Storgata 40 - 51486520

Fretex Butikksalg
Meierigata 17, 4340 Bryne Tlf. 51 48 56 50
www.fretex.no . Opningstider:
man/fre kl 10.00 - 18.00 lørdag kl 10.00 - 15.00



JÆREN HOTELL



BYGGMESTER HERSDAL AS
Alt i nybygg, påbygg og rehabilitering
Mobil 908 55 625

Aaneslad Maskin
900 59 966
www.aanesladmaskin.no
Graving - Løing - Masseflytting

VI TRENGER FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Les mer og meld din interesse kirkens-sos.no



KIRKENS SOS
Vi er her. Alltid.



JÆREN MISJONS RADIO
Tryggheimsvegen 13, 4365 Nærbø, Tlf.: 51 43 32 22

Sender på
FM 103.5 - 106.3 - 106.6 - 107.9
www.jmradio.no

Sendetider
Mandag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
Tirsdag: 08.30 - 09.00
Onsdag: 08.30 - 09.00/17.30 - 18.00
19.30 - 21.00
Torsdag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45
Fredag: 08.30 - 09.00/21.00 - 21.45



Jesus Kristus er i går og i dag den samme, ja til evig tid.
Hebr. 13,8.



BLIFADDER!
www.blifadder.no
22 94 26 00 misjonsalliansen

Skaperverket



Vårblåvingen

Blåvingene hører våren og sommeren til. Fra i mai og utover kan du se dem i skogkanten og over enga, i "sorgløs dans" mellom blomstene.

Vårblåvingen viser seg så snart skogene grønnes. Når den setter seg, kan du forsiktig gå nærmere, og kanskje rekker du å se de fine fargemønstrene på vinger og følehorn – før sommerfuglen igjen flyr videre.

Vi har flere arter blåvinger i Norge, men hver art med sine spesielle blåtoner og mønstre på vingene. Fargene, flekkene og prikkene sier hvem som hører sammen – for videre dans og flukt over markene. Somrene er korte, og nye egg og larver skal klekkes og vokse før høsten setter inn. Tida er knapp, naturens klokke går hurtig.

Tekst og foto: Tore Randulff Nielsen

Det litt muntre hjørne:

Løysing HelgeKryssord-1/16

N	A	T	T	V	E	R	D	E	N
Y	N	H	A	I	D	E	I	R	A
P	A	S	K	E	S	A	L	A	T
E	D	I	K	T	O	L	E	N	T
S	E	N	E	S	L	I	R	E	P
U	G	G	E	A	O	A	U	T	O
P	A	S	K	E	L	A	M	T	T
P	V	A	S	E	J	U	R	E	T
E	E	S	S	E	E	R	E	T	E

Vi følger opp med kryssord (løysing neste nummer) og serverer ein "passande" vits:

Håkon som er 6 år var på besøk hos vennen Benjamin og var uheldig. Han fikk låne en telefon og ringte hjem til moren og fortalte at hadde kommet til å knuse en vase da han kastet en fotball inne i stuen. Så sa han lettet til slutt:
- Men mamma, du trenger ikke bekymre deg over å kjøpe en ny, for moren til Benjamin sier at den er uerstattelig!
KAA

HelgeKryssord-2/16 av Gabriel Tengsareid

1	2	3	4	5	6	7	8
9	10	11	12	13	14	15	16
17	18	19	20	21	22	23	24
25	26	27	28	29	30	31	32
33	34	35	36	37	38	39	40

- Vassrett**

 - 1 Slutt på tele
 - 9 Tilsett
 - 12 Artikkel
 - 13 Renne
 - 14 Sklir
 - 16 Gruvedel
 - 17 Spør
 - 19 Eg trur
 - 21 Tvile
 - 22 Gull
 - 23 Rekarfant
 - 24 Klokka
 - 25 Like
 - 26 Uro
- 27 Leirstad i Sokndal
 - 28 Pronomen
 - 29 Kna
 - 31 United Nations
 - 32 Ferd
 - 34 Intime
 - 36 Togo
 - 37 Doktor
 - 38 Pronomen
 - 39 Krøtersti
- 4 Etternamn
 - 5 Nådemiddel
 - 6 Unormal
 - 7 Svarord
 - 8 Ofre
 - 10 Skrifttekst
 - 11 Etterskrift
 - 15 Skadedyr
 - 18 Ferd
 - 19 Sjøreise
 - 20 Søkk i terrenget
 - 30 Sterk lyst
 - 33 Legitimasjon
 - 35 Svell!
- Loddrett**

 - 1 Fille
 - 2 Grøde i eit år
 - 3 Livslengde

Gjevarteneste


Barne- og ungdomsarbeid i Bryne, kto.nr. 3325.25.07057
Trusopplæringa i Time kto.nr. 3325.39.13407
Kyrkjelydsarbeidet / Gjevarteneste ungdomsarbeidar, Undheim kto.nr. 3325.21.55657
Undheim kyrkje - gåver kto.nr. 3325 25 08959
Frøyland-Orstad kyrkjelyd, kto.nr. 3290.60.44179
Kyrkjebygg Frøyland-Orstad kto.nr. 3325.25.09270
Ungdomsarbeidar på Lye kto.nr. 3325.25.04260
"Vi gjev" - diakonalt arbeid i Time kto.nr. 3325.21.30859
Stikk innom vår heimeside http://www.time-kyrkja.no

Ynskjer du nokon å snakke med?

Du er velkommen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.

Sokneprest Gunnar Frøyland (Time)
tlf. 51 77 03 75 / 958 73 847
Sokneprest Stein Ødegård (Bryne)
tlf. 51 77 03 71 / 911 57 105
Sokneprest Dag Øivind Østereng (Undheim) tlf.
41 65 98 93
Diakon Marit Høie Hetland tlf. 48 89 69 19
Diakon Jofrid Aarsland Mikalsen tlf. 48 89 72 32

Nådens gåte



Amerikaneren Philip Yancey har skrevet en fantastisk bok om Guds nåde. På engelsk har den tittelen "What's so amazing about Grace?".

- Skulle jeg anbefale deg bare en bok, så ville det bli denne....

KAA

Smakebit fra boka:

"Brennan Manning forteller historien om en prest som på en spasertur i sin landlige menighet ser en gammel bonde som kneler bedende ved siden av veien. Presten blir imponert og sier til mannen: "Du må stå Gud svært nær." Bonden ser opp fra bønner, tenker seg om et øyeblikk og sier så smilende: "Ja, han setter stor pris på meg."

Spørsmål: Hva er din viktigste identitet i livet?
Svar: "Jeg er den som Jesus elsker"

"Nåden er gratis bare fordi han som gir den selv har betalt prisen"



Støttegruppe ved samlivsbrot

Det finst tilbod om å delta i samtalegrupper etter samlivsbrot. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med diakon på diakon@time-kyrkja.no eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 74



**Bryne
Kto. 3325.20.11906**



DØYPTE

BRYNE KYRKJE

31.01.16: Vilde Svalestad Amdal, Emma Håland Skjørestad
14.02.16: Aléna Karin Moi Larsen, Tora Line Ponce, Lydia Thu
28.02.16: Tone Vorre Bekkeheien, Livia Conceicao Ferreira Eiane, Tobias Eitrem, Emma Grum Hvidsten
20.03.16: Martin Sie Nielsen
03.04.16: Emil Erfjord Serigstad

TIME KYRKJE

14.02.16: Isabell Bø Auestad, Dennis Danielsen
05.03.16: Nora Sofie Austli, Malin Aarsland Berge, Julie Sægrov Helgeland, Vilje Topdal Ølberg, Noah Hovland Undheim
13.03.16: Sinus Torp Bloch Moberg, Isabell Steinmoen
27.03.16: Isaiah Svalestad Bala

LYE FORSAMLINGSHUS

07.02.16: Alina Joakimsen Hauge, Markus Joakimsen Hauge
03.04.16: Jenny Kverneland Aas

UNDHEIM KYRKJE

06.03.16: Judith Taksdal
03.04.16: Bente Vestly

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER

28.02.16: Oskar Gjestemoen Sveinsvoll, Bore kyrkje
20.03.16: Jan Terje Bryne Henriksen, Ræge kyrkje



VIGDE

02.04.16: Marita Josephine Stangeland og Bernt-Olav Torland



DØDE

Esther Lambrechts (gravferd Tananger), Ingeborg Marie Hovda, Maria Mellemstrand (gravferd Bore), Olaug Linnea Mæland, Marit Lund, Hanna Undheim, Else Vivian Kalberg, Sigurd Gerhard Frøyland, Inger Undheim, Borghild Egeland, Johan Garman Laland, Monrad Salte, Berit Salte Orre, Svein Andreas Moan, Odd Jørstad

Vegen tilbake til Gud

"For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!" Joh. 3,16

Bøn: Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydd på krossen. Slik vart ditt blod gjeve for syndene mine. Kom inn i hjarta mitt og livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine. I Jesu namn. Amen





Skyss til
gudstenesta

BRYNE KYRKJE:

Sverre M. Lima 51 48 21 33
Jonas Frøyland 41 30 04 68

Ring før kl 10.00



Laurdag 30. april

Bryne kyrkje	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 13.00

Søndag 1. mai

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Bryne kyrkje	kl 11.00

Torsdag 5. mai - Kristi Himmelfartsdag

Time kyrkje	kl 10.30
	kl 12.30

Søndag 8. mai - Søndag før pinse

Bryne kyrkje	kl 10.30
	kl 12.30
Time kyrkje	kl 11.00

Laurdag 14. mai - Pinseafta

Bryne kyrkje	kl 11.00
	kl 13.00

Pinsedag 15. mai

Undheim kyrkje	kl 10.30
Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

2. pinsedag 16. mai

Krosshaug	kl 11.00
-----------	----------

Nasionaldagen 17. mai

Bryne kyrkje	kl 08.30
Lye forsamlingshus	kl 10.15
Time kyrkje	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 11.00

Søndag 22. mai – Treeinigheitssøndag

Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00
Bryne kyrkje	kl 19.00

Søndag 29. mai - 2. søndag i tr.

Jærdagscenen	kl 11.00
--------------	----------

Søndag 5. juni - 3. søndag i tr.

Bryne kyrkje/	
Brekko sportskapell	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Søndag 12. juni - 4. søndag i tr.

Lye forsamlingshus	kl 10.30
Undheim kyrkje	kl 10.30
Bryne kyrkje	kl 11.00

Søndag 19. juni - 5. søndag i tr.

Bryne kyrkje	kl 11.00
Time kyrkje	kl 11.00

Gudsteneste m/konfirmasjon
Gudsteneste m/ konfirmasjon

Matt. 20,25–28

Gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule
Gudst. m/ konf. Søndagsskule kl 11.00
Gudsteneste. Dåp og nattverd

Joh. 17,1–5

Gudsteneste m/ konfirmasjon
Gudsteneste m/ konfirmasjon

Joh. 16,12–15

Gudsteneste m/ konfirmasjon og dåp
Gudsteneste m/ konfirmasjon
Gudsteneste. Dåp

Joh. 7,37–39

Gudsteneste m/ konfirmasjon
Gudsteneste m/ konfirmasjon

Joh 14,23–29

Høgtidsgudsteneste. Nattverd
Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng
Høgtidsgudsteneste. Dåp og nattverd

Joh. 7,37–39

Friluftsgudsteneste saman med Klepp

Luk. 17,11–19

Morgonsong med bøn for folk og land
Gudsteneste
Gudsteneste
Gudsteneste

Luk. 24,45–48

Gudst.m/ familiefokus. Utdeling av 4-års bok
Gudsteneste. Nattverd
Kveldsgudsteneste. Nattverd

Joh. 3,1–13

Fellesgudsteneste

Mark. 10,13-16

Gudsteneste/ kyrkjelydstur. Nattverd
Gudsteneste. Dåp. Gullkonfirmantar

Matt 9,35–38

Gudsteneste for store og små. Nattverd
Friluftsgudsteneste
Familiegudst. Dåp. Utdeling av 4-års bok

Matt 18,12–18

Gudsteneste. Nattverd. Jungelgjeng
Gudsteneste. Nattverd